

# Teknikk næring og eigedom

Dato : 13.05.2008  
Vår ref. : 08/575-3/V60  
Dykkar ref. :

Saksbehandlar : Reidun Inger Tøfte  
Telefon : 61216192  
Telefaks : 61216191  
E-post : postmottak@nord-fron.kommune.no

Landbruks-og matdept.  
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Landbruks- og matdept.		
2008	216	206
Mottatt: 14.05.2008	ASR/SEB	
Saksbehandler: IAA	Ark: 477	
Kontor:	Auskrift:	

## ENDRING I ODELSLOVA, KONSESJONSLOVA OG JORDLOVA-HØRING

Vedlagt følger behandling av forslag til endring i odelslova, konsesjonslova og jordlova i utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker i Nord-Fron kommune 07.05.08, sak 30/08.

Med helsing

*Kari Larssen Brenna*  
Kari Larssen Brenna  
konsulent



**Nord-Fron  
kommune**

Postadresse  
Postboks A  
2639 Vinstra

Telefon  
61 21 61 00

Telefaks  
61 21 61 01

E - post  
postmottak@  
nord-fron.  
kommune.no

www.  
nord-fron.  
kommune.no

Bankgiro  
2095.06.05775

Bankgiro skatt  
7855 05 05168



# Nord-Fron kommune

## Sak 30/08

### ENDRING I ODELSLOVA, KONSESJONSLOVA OG JORDLOVA-HØRING

Utval	Saksnr	Møtedato	Saksbehandlar
Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker	030/08	07.05.2008	RTO
Saksansv.: Bjørn Bjørke	Arkiv: V60	Arkivsaknr.:	08/575
		Journalpost:	08/2625

#### Vedlegg:

1. Høringsnotat. Endringer i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven, Bestemmelser om bo- og driveplikt m.m. Landbruks- og matdepartementet 5. februar 2008. (Utdelt tidlegare).
2. Høringsbrev frå Landbruks- og matdepartementet 05.02.08. (Utdelt tidlegare).

#### Bakgrunn for saka:

Landbruks- og matdepartementet har i brev datert 05.02.08 sendt ut forslag til endring av konsesjonslova, odelslova og jordlova. Høyringsfrist er sett til 5. mai 2008. Nord-Fron kommune har avklart at ein får sende inn høyringsuttala nokre dagar etter fristen.

Dei fleste forslaga gjeld bestemmelsen om bu- og driveplikt. I tillegg blir det foreslått endringar i omfanget til konsesjonsplikta og odelsretten, samt i reglane om forhold som er av betydning for om konsesjon skal gis.

#### Rådmannsleiinga si vurdering:

##### Buplikt foreslått teke ut av odelslova:

Departementet foreslår at bestemmelsane om buplikt etter odelslova i hovudsak blir flytta til konsesjonslova.

##### *Merknadar:*

Ein er i tvil om det er rett å ta ut bestemmelsane om buplikt i odelslova og flytte det til konsesjonslova. Forslaget vil føre til ei oppsplitting av regelverket.

##### Arealgrenser for buplikt, konsesjonsplikt og odlingsjord:

Departementet foreslår at arealgrensa for odlingsjord i § 2 i odelslova og konsesjonsplikt etter § 4 i konsesjonslova blir endra frå henholdsvis 20 dekar jordbruksareal og 20 dekar fulldyrka areal til *25 dekar fulldyrka og overflatedyrka jord* og at denne grensa også skal gjelde for buplikt på landbrukseigedom. Den alternative grensa for odlingsjord og buplikt er knytt til produktiv skog og er foreslått heva frå 100 dekar til *350 dekar produktiv skog*. Konsesjonslova si grense for konsesjonsplikt knytt til 100 dekar totalareal blir ikkje foreslått endra. Kravet om at eigedomen skal vere eigna for landbruksdrift er òg foreslått fjerna.

##### *Merknadar:*

Ein er samd i at arealgrenser og omgrep for odlingsjord, konsesjonsplikt og buplikt blir samordna. Ved endringa som er foreslått vil regelverket bli klårare slik at ein i størst mogleg grad unngår tvilstilfelle. Ein meiner det i samband med dette er rett å heve arealgrensene. Vi

ser i dag ei utvikling der det krevst stadig større driftsomfang for å få lønsemd av ein landbruksproduksjon. Kostnadane aukar samstundes som moglegheitane for å få tilskott og frådrag krev eit visst produksjonsomfang som dei mindre landbrukseigedomane slit med å nå opp i. Ein foreslår difor å heve arealgrensa knytt til buplikt til 30 daa dyrka areal.

#### Buplikt:

Departementet foreslår at det ikkje lenger skal vere adgang til å søkje fritak frå buplikta, men at den som *ikkje* skal busette seg på eigedomen *må søkje konsesjon*. Forslaget inneber at konsesjonsvurderinga skal ta utgangspunkt i dei omsyna som grunnjev *buplikta*, og at det til gunst for søkjar skal kunne leggjast vekt på eigedomen sin storleik, avkastningsevne og hustilhøve. Tilknytning til eigedomen og eigaren sin livssituasjon er moment som det etter dagens lovverk skal leggjast særleg vekt på. Desse momenta blir ikkje lenger sett på som særleg relevante, tilknytning kan ikkje sjåast på som sterk når eigar ikkje vil busette seg på eigedomen. For buplikta blir det foreslått å behalde femårsregelen.

Det er forslag om at buplikta berre kan oppfyllast ved at eigaren blir registrert i folkeregisteret som busett på eigedomen. Det blir da ikkje lenger mogleg å oppfylle buplikta ved å tilbringe 50% av nettene på bruket. I slike tilfelle må det søkjast konsesjon.

Dersom buplikta blir misleghalde får kommunen nå *plikt* til å pålegge eigar søkje konsesjon. Det vil ikkje lenger vere opp til eit kommunalt skjønn om eigaren skal påleggjast å søkje konsesjon.

#### *Merknadar:*

Intensjonen med endringsforslaget er at dei som skal ta over ein landbrukseigedom må avklare spørsmålet om busetting på eigedomen på eit tidlegare tidspunkt. Forslaget vil medføre at dei konkrete vurderingane om buplikt ved erverv av eigedomen skal krevjast eller ikkje, nå vil bli gjort i ei tidlegare fase i overtakingsprosessen noko som i utgangspunktet må seiast å vere positivt. Kommunen må likevel framleis gjere dei same vurderingane som i dag, så framlegget inneber ikkje nødvendigvis ein reduksjon i arbeidsmengda for forvaltninga. Det fins òg døme på at det kan vere vanskeleg å forutsjå kor lang tid ein eventuelt treng for å tilflytte og busette seg på landbrukseigedomen ved konsesjonsbehandlinga. Det er i høyringsnotatet uklart korleis slike tilfelle er tenkt løyst og dette bør klargjerast betre. Dette talar mot å leggje all behandling om utsetjing/fritak frå buplikt til konsesjonsbehandlinga. Dersom 50% regelen blir fjerna bør det vurderast å samordne regelen med folkeregisteret sin praksis, slik at ein kan melde flytting sjølv om ektefelle og familie ikkje flytter.

Med bakgrunn i saker som ein har behandla i kommunen ser ein at praksis som Folkeregisteret har ikkje alltid er i tråd med den oppfatninga som kommunen har når det gjeld om buplikta er oppfylt. Det er ei svakheit i dagens ordning at det er to ulike organ/lovverk som handhevar reglar om buplikt/flytting. Kommunen set vilkår etter lovverket medan det er Folkeregisteret som følgjer opp flytting etter eit anna lovverk. Denne problemstillinga blir tilsynelatande ikkje klarare ved inneverande revisjon av regelverket.

#### Driveplikt:

Det er foreslått at driveplikta skal gjelde jordbruksareal som kan drivast lønsamt og at plikta er *varig*. Denne bestemmelsen blir gjort gjeldande uavhengig av om det har skjedd ei overdraging. Driveplikta skal *ikkje* gjelde skog. Desse endringane gjer det etter departementet si vurdering meir naturleg å lovfeste plikta i jordlova enn i konsesjonslova og odelslova. Det skal framleis vere mogleg å få fritak frå driveplikta. Departementet meiner det framleis bør vere personleg bu- og driveplikt for den som løyser eigedomen på odel. Bu- og driveplikta er i desse tilfella foreslått redusert frå 10 år til 5 år.

*Merknadar:*

Ved å flytte driveplikta til jordlova oppnår ein å få samla dette i eit regelverk noko ein støttar. Det er likevel ein fordel å sjå bu- og driveplikt i samanheng ved forvaltninga si oppfølging av driveplikta. Ein er samd i at driveplikta ikkje bør vere tidsavgrensa og at ein ser det i samanheng med vanhevdsbestemmelsen.

Buplikt på ubebygde skogeigedomar og reine utmarkseigedomar:

Departementet sitt forslag inneber at det ikkje oppstår buplikt ved erverv av større utmarkseigedomar utan produktivt jord- eller skogareal. Det same gjeld for ubebygde skogeigedomar. Det blir i høyringa bede om synspunkt på om det bør vere lovbestemt buplikt på ubebygde skogeigedomar eller reine utmarkseigedomar over 10 000 dekar.

*Merknadar:*

Dersom det skal vere lovbestemt buplikt på ubebygde skogeigedomar over arealgrensa, bør det vere tilstrekkeleg at eigaren busett seg i kommunen og ikkje nødvendigvis på sjølve eigedomen. Eigdommen sin beliggenheit avgjer om det er hensiktsmessig eller ønskjeleg å bygge ein bustad der. Det treng heller ikkje vere av avgjerande betydning for drift av arealet at eigar er busett på sjølve eigedomen. Ut frå busettingsomsynet er det rimeleg at eigedomar over ein viss storleik skal bebus. Når det gjeld ubebygde skogeigedomar meiner ein at eigedomen bør vere betydeleg større enn arealgrensa på 350 daa før det oppstår lovbestemt buplikt.

I Nord-Fron kommune fins det i dag ikkje reine utmarkseigedomar som er over 5000 dekar. Det er da sett bort frå eigedomar som er eigd av staten eller allmenningar. Eventuell buplikt på slike eigedomar er difor ikkje aktuelt her.

Andre forhold:

Forskrift om saksbehandling i kommunen blir foreslått endra slik at kommunane blir pålagt å vise korleis prisvurdering i konsesjonssaker som gjeld landbrukseigedomar er foreteke. I dag kjem prisvurderinga berre fram i saker kor det er aktuelt å nekte konsesjon på grunn av pris.

Departementet har bedt kommunane om å anslå kor stor arbeidsbesparing ei forventar etter lovendinga.

*Merknadar:*

Ein har ikkje merknader til forskriftsendring om prisvurdering.

I Nord-Fron kommune blir det behanda ca 15 søknader om fritak frå buplikt pr. år. Endringa av arealgrenser og oppheving av skjønnskriteriane vil føre til at færre eigedomar blir omfatta av lovbestemt konsesjonsplikt og buplikt og vurderinga av korvidt ein eigedom er omfatta av buplikt blir enklare i nokon sakar. Dette vil gje noko arbeidsinnsparing (anslagsvis 1-2 saker pr. år). Ein er meir skeptisk til om endringa i regelverket om oppheving av adgange til å søkje fritak frå buplikt vil føre til nemneverdig mindre arbeid ettersom ein da vil få ein auke i omfanget av konsesjonssaker.

Administrasjonssjefen legg fram saka for utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker med slik:

**Innstilling:**

Ein støttar i hovudsak lovutkastet om endringar i odelslova, konsesjonslova og jordlova slik det er framlagt med følgjande endringar:

1 Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker meiner det ikkje er rett å ta ut

bestemmelsane om bu- og driveplikt i odelslova og flytte det til konsesjonslova.

2. Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker foreslår at arealgrensa for odlingsjord i § 2 i odelslova og konsesjonsplikt etter § 4 i konsesjonslova blir endra til 30 dekar fulldyrka og overflatedyrka jord og at denne grensa også skal gjelde for buplikt på landbrukseigedom.
3. Dersom adgangen til å søkje om fritak frå buplikt i ein eigen søknadsrunde blir fjerna, bør det klargjerast betre korleis tilfelle med behov for utsett tilflyttingsfrist skal handterast.
4. Dersom 50% regelen blir fjerna bør reglane samordnast med folkeregisteret sin praksis, slik at ein kan ta utflytting sjølv om ektefelle og familie ikkje flytter.
5. Det er ei svakheit i dagens ordning at det er to ulike organ/lovverk som handhevar buplikt/flytting. Dette burde vore samordna.
6. Ubebygde skogeigedommen bør vere betydeleg større enn arealgrensa på 350 daa før det oppstår lovbestemt buplikt. For slike eigedomar bør buplikta kunne oppfyllest ved at eigaren busett seg i kommunen.
7. Ein meiner dei framlagte regelendringane ikkje vil vere nemnande arbeidsbesparande for Nord-Fron kommune. Ein er likevel samd i at dei framlagte reglane er meir presise og derfor gir grunnlag for at færre saker vil gå til klageorgan og vidare i rettsapparatet.

#### **LUM-030/08 07.05.2008 Behandling:**

Leiaren la fram slike forslag til vedtak:

- Punkt 2, 3 og 4 i Innstillinga går ut.  
Samrøystes vedtatt.
- Punkt 6 i Innstillinga skal endrast slik:  
Ubebygde skogeigedomar bør vere betydeleg større enn arealgrensa på 350 daa før det oppstår lovbestemt buplikt. For slike eigedomar må buplikta kunne oppfyllest ved at eigaren busett seg i kommunen.  
Samrøystes vedtatt.
- Nytt punkt i vedtaket:  
Utvalet meiner at ein i lovteksta må unnta reine utmarkseigedomar for buplikta.  
Samrøystes vedtatt.
- Administrasjonen får fullmakt til å redigere nummerering i vedtaket.


#### **LUM-030/08 07.05.2008 Vedtak:**

1. Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker meiner det ikkje er rett å ta ut bestemmelsane om bu- og driveplikt i odelslova og flytte det til konsesjonslova.
2. Det er ei svakheit i dagens ordning at det er to ulike organ/lovverk som handhevar buplikt/flytting. Dette burde vore samordna.
3. Ubebygde skogeigedomar bør vere betydeleg større enn arealgrensa på 350 daa før det oppstår lovbestemt buplikt. For slike eigedomar **må** buplikta kunne oppfyllest ved at

eigaren busett seg i kommunen.

4. Utvalet meiner at ein i lovteksta må unnta reine utmarkseigedomar for buplikta.
  5. Ein meiner dei framlagte regelendingane ikkje vil vere nemnande arbeidsbesparande for Nord-Fron kommune. Ein er likevel samd i at dei framlagte reglane er meir presise og derfor gir grunnlag for at færre saker vil gå til klageorgan og vidare i rettsapparatet.
- Samrøystes.

Nord-Fron kommune, 13.05.2008

  
Kari Larssen Brenna